



Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Vår dato:

01.07.2022

Vår ref:

2022/208

Dykkar dato:

Dykkar ref:

22/209

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Kvinnherad kommune – budsjett 2022 og økonomiplan 2022 – 2025

Kvinnherad kommunestyre har i møtet 02.12.2021, sak 102/21, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan 2022 – 2025.

Kvinnherad kommune er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparinger.

Bustadsosialt arbeid

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang eit treårig forsøk for å skape ei tettare kopling mellom det bustadsosiale arbeidet og andre kommuneretta oppgåver hjå Statsforvaltaren. I forsøksperioden er Husbankens rettleiingsoppgåver overført til Statsforvaltaren. Eit godt bustadsosialt arbeid vil over tid vere lønsamt for kommunane, og til rettleiing og oppfølging av kommunane vil vi m.a. bruke informasjon frå budsjett og økonomiplanar. Vi ber derfor om at kommunane frå 2023 omtalar mål og tiltak innanfor det bustadsosiale arbeidet i budsjett dokumenta.

Oppsummering

Samanlikna med eit gjennomsnitt for kommunane i landet har Kvinnherad høge inntekter, også når det blir teke omsyn til utgiftsbehovet for kommunale tenester. Statsforvaltaren meiner at med dette som grunnlag, må kommunestyret gjennomføre tiltak som reduserer utgiftsnivået for å følgje opp eiga målsetjing om å oppnå netto driftsresultat som over tid ligg på 2,75 prosent. Med eit slikt resultat kan kommunen over tid sikre ei økonomiske handleevne og oppretthalde ein nødvending buffer i drifta og ha midlar til eigenfinansiering av investeringar. Det siste er nødvending for å snu ei aukande lånegjeld, og oppnå kommunestyret si målsetjing for lånegjelda. Dette har også samanheng med at kommunen sine ekstraordinære inntekter frå kraft og havbruk vert nytta til føremål som investeringar.



Budsjett 2022

Etter Kostra-tal for 2021¹ fekk kommunen eit netto driftsresultat på 204,3 mill. kroner. Det utgjer 13,3 prosent av driftsinntektene. Etter at det er overført 45,3 mill. kroner til investeringar og netto er avsett 9 mill. kroner til bundne fond, er netto avsetjing til disposisjonsfond 148 mill. kroner. Det betyr at det korrigerte driftsresultatet er noko lågare enn det ordinære. Disposisjonsfondet er ved utgangen av 2021 på 336 mill. kroner, som er 22 prosent av driftsinntektene. Gjennomsnittet for landet utan Oslo er 13,7 prosent.

Inntekt på skatt og formue og rammetilskot er budsjettet med 853 mill. kroner. KS-prognosene etter revidert nasjonalbudsjett er på 868 mill. kroner. Av auken er 2,2 mill. kroner i kompensasjon knytt til ekstra utgifter for vaksinasjon og testing knytte til covid-19.

Av andre sentrale inntekter er det budsjettet med eigedomsskatt 82 mill., konsesjonsavgifter 10 mill., gevinst av sal av konsesjonskraft 41 mill. og Havbruksfondet 36,2 mill. kroner. Det er til drifta budsjettet med 34 mill. kroner i avkastning på plassering av langsiktige finansielle midlar.

Samla netto løvingsramme for tenesteområda (sektorane) er 990 mill. kroner, som er ei nominell auke på 23 mill. kroner samanlikna med opphavleg 2021-budsjett.

Netto finansutgifter er budsjettet med 44,8 mill. kroner. I 2021 hadde kommunen ei netto finansinntekt på 15,4 mill. kroner. Netto driftsresultat er etter dette budsjettet til 15,3 mill. kroner, som utgjer 1,1 prosent av driftsinntektene. I disponering av resultatet er det netto brukt 8,3 mill. frå fond og overført 23,6 mill. kroner til investeringar.

Kommunen har planlagt investeringar i varige driftsmiddel for til saman 409 mill. kroner. Lånefinansieringa av investeringane er planlagt med 228,4 mill. kroner, resterande finansiering består av mva.kompensasjon, tilskot, sal av driftsmiddel, overføring frå drift og bruk av investeringsfond. Lånefinansiering til brukarbetalte VA-anlegg gjennom avgifter, utgjer 37 mill. kroner. Til vidare utlån er det er budsjettet med 20 mill. kroner i nytt startlån frå Husbanken.

Ved siste årsskifte hadde kommunen som konsern ei brutto langsiktig lånegjeld på 1,747 mrd. kroner, som utgjorde 114 prosent av driftsinntektene, det same som landsgjennomsnittet utan Oslo.² Av gjelda utgjorde Startlån til vidare utlån 155 mill. og lån til VA-anlegg 360 mill. kroner. Netto renteeksponering for Kvinnherad kommune ligg på 57,7 prosent av totale driftsinntekter.³ Gjennomsnittet for landet utan Oslo er 39,6 prosent.

Økonomiplan 2022 – 2025

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanen sin handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

¹ og ² Konsern-tal for kommunekassen med kommunale føretak (KF), interkommunale selskap (IKS) og interkommunale samarbeid.

³ For Kvinnherad betyr det at ein renteauke på ein prosent isolert sett vil belaste kommuneøkonomien med nær 0,8 prosent av driftsinntektene.



I økonomiplanperioden er sum inntekter redusert med 18 mill. kroner, til 1,395 mrd. kroner i 2025. Sum utgifter har ein tilsvarende reduksjon. Netto finansutgifter aukar frå 44,8 mill. i 2022 til 68,5 mill. kroner i 2025.

Netto driftsresultat er i 2023 budsjettet negativt med - 6,2 mill. kroner. Dei to siste åra i perioden er resultata positive med 26 mill. i 2024 og 12,8 mill. kroner i 2025. Dette gjev eit gjennomsnitt for perioden på 0,9 prosent av driftsinntektene. Etter overføringar til investeringar og avsetjing til bundne fond, er det for heile perioden planlagt bruk med 25,7 mill. kroner av disposisjonsfond.

I heile økonomiplanperioden 2022 – 2025 er det planlagt investeringar i varige driftsmiddel for 1,2 mrd. kroner. Største investeringane i perioden er gjennomføring av oppvekstkårplanen, VA-anlegg, gjennomføring av bustadsosial handlingsplan og Kvinnheradspakken (samferdsle). Av investeringane er det planlagt at 768 mill. kroner skal finansierast med lån, der 178 mill. kroner utgjer lån til investeringar i VA-anlegg. Startlån frå Husbanken for vidareutlån er budsjettet med 25 mill. kroner kvart år frå 2023.

Langsiktig lånegjeld (eks. startlån frå Husbanken) er ved utgangen av 2025 for kommunekassa berekna til 3,2 mrd. kroner.

Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid. Kvinnherad kommunestyre har vedteke følgjande måltal:

- Netto driftsresultat eksklusive premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter: 2,75 prosent
- Renteberande gjeld i prosent av brutto driftsinntekter: 100 prosent.
- Likviditetsresultat i prosent av brutto driftsinntekter; 1,0 prosent.
- Avkastning Kraftfondet utover risikofri rente: 2,5 prosent.

For å oppfylle dei finansielle måltala er det vedteke følgjande handlingsreglar:

- Budsjettet bruk av Kraftfondet til driftsføremål: 3,0 prosent av marknadsverdien til Kraftfondet.
- Budsjettet bruk av Havbruksfondet til driftsføremål: 50 prosent av budsjettet inntekt frå Havbruksfondet over økonomiplanperioden.

Etter vedtaket til kommunestyret for budsjett- og økonomiplan, er måltala som er i prosent av inntekter berekna til:

	Mål	2022	2023	2024	2025
Netto driftsresultat	2,75 %	1,1 %	-0,5 %	1,9 %	0,9 %
Renteberande gjeld	100 %	112 %	124 %	125 %	130 %
Likviditetsresultat					
Avkastning kraftfondet					

I budsjett dokumentet er det òg vist utviklinga av disposisjonsfondet i prosent av inntekter etter eit måltal og handlingsregel på 10 prosent: Berekna tal for 2022: 10,9 %, 2023: 10,1 %, 2024: 9,6 % og 2025: 10,3 %.

Statsforvaltaren sine vurderinger

Samanlikna med eit gjennomsnitt for kommunane i landet har Kvinnherad høge inntekter, også når det blir teke omsyn til utgiftsbehovet for kommunale tenester. Statsforvaltaren meiner at med dette som grunnlag må kommunestyret gjennomføre tiltak som reduserer utgiftsnivået for å følge opp eiga



målsetjing om å oppnå netto driftsresultat som over tid ligg på 2,75 prosent. Med eit slikt resultat kan kommunen over tid sikre ei økonomiske handleevne og oppretthalde ein nødvending buffer i drifta og ha midlar til eigenfinansiering av investeringar. Det siste er nødvending for å snu ei aukande lånegjeld, og oppnå kommunestyret si målsetjing for lånegjelda. Dette har òg samanheng med at kommunen sine ekstraordinære inntekter frå kraft og havbruk vert nytta til føremål som investeringar.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. statsforvaltar

Anne Kristin Eitungjerde
fung. kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent